

Viser til svarbrev angåande avslag på kulturmidlar, motteke pr. e-post den 15.04.16.

Tiltak nr 46 – Støtte til snøproduksjon – Kr 25.000,- - Markane Idrettslag.

Vi ynskjer å framsette ei klage på dette vedtaket, då mangel på snø var ei ekstraordinær og utfordrande situasjon for Markane Idrettslag i forkant av Norgescuprenn i skiskyting 22.-24. januar 2016.

Til all likhet var det mange kuldegrader i forkant av arrangementet, noko som gjorde det mogleg å produsere snø på stadion. Ei ekstra snøkanon vart innleidd til dette føremålet. Både produksjon (leige av snøkanon og store straumutgifter), samt uttransportering av snø i heile løypenettet kosta Markane idrettslag ein stad mellom 150.000,- og 200.000,- kroner. Det seier seg sjølv at all dugnadsinnsatsen som her vart lagt ned i arrangementet ikkje betalar seg med ei krone når utgiftene er så høge.

Det vart eit flott gjennomført arrangement, med mykje positive tilbakemeldingar. Totalt var det 440 deltakrarar frå heile landet, der dei aller fleste aldri hadde vore i Stryn og på skianleggget Ullsheim. Markane Idrettslag har eit godt rykte som arrangør av store meisterskap, og vi gjorde ikkje skamme på det rykte denne gangen heller! Markane Idrettslag, med våre små og store utøvarar i spissen, har vel meir enn ein gong profilert Sogn og Fjordane utad på ein måte som set oss på kartet.

Vi hadde forventa at også fylkeskommunen kunne gi litt ekstra når vi hadde så store utfordringar med å få gjennomføre arrangementet. Det var tross alt ikkje det heilt store beløpet vi søkte om. Vi er av den oppfatning at får vi litt frå kvar instans, ja, så skal vi greie det.

Markane Idrettslag ber såleis om at søknaden om ei støtte på kr 25.000,- blir innvilga.

Med helsing
Markane Idrettslag

Klemet Bø